

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

### Søknad til Næringsfondet 2021. Berthelsen, Wilfred - Foto bok og kunstutstilling i London & i Grieghallen i Bergen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Foto bok og kunst utstilling i London & i Grieghallen i Bergen* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 067/21 Vedtak:

Prosjektet *Foto bok og kunst utstilling i London & i Grieghallen i Bergen* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

#### Bakgrunn

Berthelsen Wessel Wilfred er eit enkeltpersonsforetak. Bransje 71.129 Annen teknisk konsulentvirksomhet. Registrert 10.07.2004. Kjelde: Proff.no

#### Saksopplysningar:

Søkjar har drive med fotografering på høgt nivå i mange år og gjennomført fleire ekspedisjonar.

#### Prosjektleveranse/Målsetting

Etter eit foto/kunst-prosjekt som har pågått i 10 år, er planen for søkjar å gje ut fotobok og å halde to utstillingar. Prosjektet heiter "EXODUS". Dette er eit resultat av tre fotoekspedisjonar til Antarktis og fem fotoekspedisjonar til Svalbard.

#### Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Foto bok og kunst utstilling i London & i Grieghallen i Bergen	435 000	335 000	0

#### Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Søkjar kan oppmodast til å undersøkje om det kan søkjast kulturmidlar.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

**Vedlegg i saken:**

15.06.2021

21\_Wilfred Berthelsen\_soknad-2021-0139\_01 mai 2021

1573542